

Samferdselsdepartementet  
Postboks 8010 Dep  
0030 OSLO

---

Dato 30.06.2023  
Vår referanse 2023/882-26  
Dykkar referanse  
Sakshandsamar Thorbjørn Aarethun  
E-post Thorbjorn.Aarethun@vlfk.no  
Telefon 92058252

## Høyringsuttale til Nasjonal transportplan 2025-2036

På møte i Vestlandsrådet, 28.juni 2023 vart det gjort følgjande vedtak inkl. protokollmerknader, i sak om høyringsuttale til Nasjonal transportplan 2025-2036;

«Vestlandsrådet understrekar at det er langt att til at Vestlandet har eit trygt, effektivt og miljøvenleg transportsystem på Vestlandet. Det er eit stort etterslepet i vedlikehald og opprusting både på riksog fylkesvegar. Investeringsbehovet er stort for at transportsystemet på Vestlandet skal utviklast i takt med resten av landet.

Vestlandsrådet meiner at dagens modellar for samfunnsøkonomisk lønsemd må reviderast, og ikkje åleine er tilstrekkeleg som vurderingskriterium for prioriteringar. Omsynet til liv og helse, eksport av gods, regionsutviding, berekraft (inkl. sosial berekraft) og beredskap, er og viktige faktorar som i større grad bør inngå i vurderingsgrunnlaget.

Vestlandsrådet vil understreke behovet for at Nasjonal transportplan vert ein overordna plan der transportnettet vert vurdert og sett i samanheng uavhengig av forvaltningsnivå. For å utvikle det overordna transportsystemet på Vestlandet, vil det vere behov for tiltak og satsing innanfor både statlege, fylkeskommunale og kommunale ansvarsområder.

Forbetringar i transportsystemet på Vestlandet gjev sannsynlegvis store verdiar for Noreg i form av eksportverdiar og skatteinntekter. Betre og tryggare infrastruktur både når det gjeld veg og hamner er særdeles viktig for den nasjonale beredskapen langs kysten. Vestlandsrådet meiner difor at ramme 3 er eit minimum i det vidare arbeidet med Nasjonal transportplan 2025- 2036, og har følgjande innspel til prioriteringar;

### 1. Ta vare på eksisterande transportnett

- Styrka statlege løyvingar for å redusere vedlikehaldsetterslepet på fylkesveg. Som eit absolutt minimum bør den føreslegne auken i rammene til drift og vedlikehald delast mellom fylkesveg og riksveg.
- Auka statleg innsats til tunneloppgraderingsprogrammet.
- Styrke fordelinga til rassikring for «tilskot til særskild fordeling». Det er uheldig om fordeling av midlar til særskild fordeling som midlar til rassikring, tunneloppgradering og vedlikehald skal vere basert på samfunnsøkonomi. Vestlandsrådet meiner at andre forhold som samfunnstryggleik og framkome må vektleggjast, slik at rassikring i større grad prioritert. Vestlandsrådet går imot å fjerne post 31 Rassikring som eigen løyving i statsbudsjettet.

### 2. Berekraftig mobilitet

- Vestlandsrådet legg til grunn at staten følgjer opp forpliktingane i gjeldande bypakkar og byvektstavalar på Vestlandet, og at større investeringstiltak for kollektivtransporten vert finansiert med minimum 70% statleg andel.
- Tilskotsordninga til dei fem byområda som ikkje er omfatta av byvektstavaler er eit viktig verktøy for å nå nullvekstmålet i desse byområda og må derfor vidareførast

utan opphald. Alle dei fem byområda har over mange år utarbeidd fagleg grunnlag i tråd med nasjonale mål og krav for å kunne ta imot ei finansieringsordning. Byane treng føreseielege rammer frå staten. Desse fem byane har same transportutfordringar og har tilsvarende storleik som dei 5 byområda som i dag har tilgang til byveksttaler. Ramma på tilskotet som settast av må minst vere på same nivå som i dagens NTP, dvs. minimum 150 mill. kr/år og totalt 1,8 mrd. kr for 2025-36.

### 3. Utvikle eit tenleg transportnett

- Framleis prioritering av vegutbetringar og fjordkryssingar på E39, som gjennomgåande overordna vegstrekning på Vestlandet.
- Vidareutvikling av eksisterande aust-vest samband (veg og bane) som bind Vestlandet saman med resten av landet. Vestlandsrådet viser til dei ulike fylka sine innspeil til aust-vest samband.
- Stad skipstunnell må sikrast finansiering og gjennomførast.
- Auka statleg innsats til skredsikring i tråd med tilrådingane frå Nasjonal rassikringsgruppe.

### 4. Fremje det grøne skiftet i samferdselssektoren

- Auka statlege rammeoverføringer og tilskotsordningar til fylkeskommunane for å sikre innføring av nullutsleppsteknologi i framtidige anbod innan ferjedrift, hurtigbåt og øvrig kollektivtrafikk.
- Finansiering av drift av hurtigbåt og ferjedrift på fylkesvegane må betrast vesentleg.
- Ferjeavløysingsordninga må betrast og sikre føreseielege rammevilkår for slike prosjekt.
- Det må gjennomførast eit pilotprosjekt for elektriske fly på kortbanenettet på Vestlandet.

### **Protokollmerknader**

#### Anne Marie Fiksdal (FrP) sette fram følgjande protokollmerknad:

Kulepunkt 3 Representantene fra FrP viser til NTP uttalen frå Vestlandsrådet sin oppsummering av fylkestinga sine uttaler til NTP 2025-3 og er imot undersjøiske tuneller på fergefri E39 i Møre og Romsdal.

#### Terje Søviknes (FrP) sette fram følgjande protokollmerknad:

FrPs representantar syner til at NTP-uttalen frå Vestlandsrådet er ei oppsummering av fylkestinga sine uttalar til NTP 2025-36. FrPs representantar er i mot byveksttalar omtalt i uttalen pkt 2 Berekraftig mobilitet, og har synleggjort dette i dei respektive fylkestingsvedtaka. FrPs representantar i Vestlandsrådet røystar difor for pkt 2 i uttalen basert på denne stemmeforklaringsa.

#### Alexander Rugert-Raustein (MDG) sette fram følgjande protokollmerknad:

Protokolltilførsel til pkt 3: MDG forstår fjordkrysning som fortsatt fergedrift basert på framtidsretta utslippsfri teknologi.»

Med helsing

**Jon Askeland**  
fylkesordførar og leiar i Vestlandsrådet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

Transport og kommunikasjonskomiteen på Stortinget